



Tom Atle Olsen
Flatøyvegen 53
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/7192 - 23/74630

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.no

Dato:
26.09.2023

Veiledning vedkomande plassering av husvogn - gbnr 336/62 Ådland

Viser til ditt brev mottatt kommunen den 20.09.2023 vedkomande plassering av husvogn på din eigedom.

Ettersom det er ein del vesentlege manglar for handsaming, ynskjer kommunen å komme med veiledning.

- Søknad om dispensasjon må nabovarslast.
Skjema for nabovarsling finn du her:
[Microsoft Word - 5154n-nabovarsel-2020.docx \(dibk.no\)](#)
[Microsoft Word - 5155n-opplysningar-gjeve-i-nabovarsel-2020.docx \(dibk.no\)](#)
[Microsoft Word - 5156n-kvittering-for-nabovarsel.docx \(dibk.no\)](#)

Dispensasjon må også grunngjevast, der omsynet bak bestemmelsen det søkjast dispensasjon frå ikkje blir vesentleg sett til side og at fordelana er klårt større enn ulempene, jf. pbl § 19-2. Det kan ikkje takst omsyn til personlege forhold i ein dispensasjonsvurdering.

Sjølv om du gjerne i første omgang kun ynskjer å søkje dispensasjon frå arealføremålet LNF, så vil kommunen gjere deg merksam på at sjølv om du hadde fått dispensasjon, så krever plassering av husvogn vidare at ein del ting er på plass før kommunen kan gi løyve til det.

- Plassering av husvogn er eit søknadspiktig tiltak med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-3, jf. § 20-1. Ved søknad må det m.a. sendast inn situasjonskart som syner plassering av husvogn på eigedomen, avstand til nabo, nabovarsel, teikningar. Tekniske krav (TEK17) må vere oppfylt.

- Før ein kan gje løyve til oppføring av bustad/plassering av husvogn må det vere dokumentert at det er forsvarleg adgang til hygienisk betryggande og tilstrekkeleg drikkevatn og slokkevatn, jf. pbl § 27-1. Bustaden/husvognen må entan koblast til offentleg vatn eller borehol før ein kan settja den opp.
- Borleing av avløpsvatn må vere sikra og i samsvar med forureiningslova, jf. pbl § 27-2, før ein kan gje løyve til oppføring av bustad/husvogn. Også her må det enten gjevast løyve til tilkopling offentleg avløp ellers må det liggje føre løyve i samsvar med forureiningslova (avdeling for Miljø og tilsyn).
- Eigedomen må og vere sikra lovleg atkoms, jf. pbl § 27-4. Det må liggje føre løyve til utvida bruk av avkøyrslø frå kommunal veg, samt privat rettighet til å køyre på privat veg fram til eigedomen.

Søknad om dispensasjon, samt løyve til oppføring av bustad/plassering av husvogn, tilkopling til vatn og avløp er alle tiltak som er gebyrbelagt. Informasjon om betalingssatsar finn du her: [Gebyr- og betalingssatsar 2023 \(framsikt.net\)](https://framsikt.net)

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tom Atle Olsen

Flatøyvegen 53

5918

FREKHAUG